

Saksprotokoll 13.05.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.

Forslaget til fylkesrådmannen vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Interreg-programma har vore svært viktig for Vestland fylke for å løyse regionale og lokale utfordringar gjennom internasjonalt samarbeid i inneverande programperiode. Vestland fylke ønskjer å vidareføre satsinga på Interreg også i neste periode, 2021-2027.
2. Fylkesutvalet ber Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet å skrive eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet som uttrykker ønskje om ein ny modell for fordeling av dei norske midlane på Interregprogramma og kva fylke som har tilgang til desse programma, basert på dei utfordringane fylka står ovanfor.
3. Vestlandsfylka med sitt eksportretta næringsliv, står ovanfor store utfordringar i åra framover som følge av dei langsiktige effektane av Covid-19 og oljeprisfallet. Fylkesutvalet ber om at midlane til Nordsjøprogrammet blir auka for å finne nye løysingar på desse utfordringane og at det blir vurdert å avgrense tilgangen til Nordsjøprogrammet til vestlandsfylka og eventuelle andre fylke som ikkje vil få tilgang til A-programma i neste programperiode.